

GAMUT – Griegakademiets senter for musikkterapiforskning

Årsmelding 2015



Christian Gold og Karin Mössler er inne i avsluttende fase av den store internasjonale RCTen «TIME-A». I 2015 starta Karin opp FRIPRO-prosjektet «Shared Moments», medan Christian hadde hovudansvaret for GAMUT sin søknad til SFF-IV: «Centre for the Development and Evaluation of Complex Interventions in Mental Health (DECIMH)». (Foto: Helge Skodvin)

Årsmelding for GAMUT 2015

Ansvarleg: Brynjulf Stige

Ansvarleg for layout og for Vedlegg 1 og 5: Rune Rolvsjord

Ansvarleg for Vedlegg 4: Olav Tveitane.

Statement from GAMUT's steering committee

The steering committee endorses this report as an accurate description of GAMUT's activities in 2015, and expresses satisfaction with the quantity as well as the quality of these activities. The steering committee acknowledges and wants to emphasize the value of GAMUT's efforts in developing supplementing activities within the University of Bergen and Uni Research, and for GAMUT's close collaboration with municipalities and hospitals in the region. The steering committee recommends that GAMUT continues to develop structures, resources, and a culture that enable the centre to pursue activities of relevance to service users, service providers, policy makers, and the general public, as well as activities of relevance to researchers in the international front-line of music therapy and related fields.

Bergen, 15. mars, 2016

Oddrun Samdal

Vice Rector at the University of Bergen and Chair of GAMUT's steering committee

Innhald

Forord	5
Del 1: Generelt om GAMUT.....	7
Del 2: Organisasjon og rammer	9
Personalialia	9
Organisasjon.....	9
Økonomi.....	11
Samarbeidsrelasjonar innan UiB og Uni Research.....	12
Andre samarbeidsrelasjonar.....	13
Del 3: Fagleg aktivitet.....	16
Nye prosjektsøknader og nystarta prosjekt i 2015.....	16
Forskningsprosjekt i regi av GAMUT	18
Tidsskriftsdrift.....	22
Publisering og anna formidling	23
Forskningsretteleing og gjesteforskaropphald	24
Fag- og tenesteutvikling.....	25
Seminar, kurs og etter- og vidareutdanning	26
Vedlegg 1 – Rekneskap for eksternfinansiert aktivitet ved GAMUT 2015	27
Vedlegg 2 – Personale i 2015.....	28
Vedlegg 3 – Nokre utvalde nyhende 2015, frå vevsida www.gamut.no	30
Vedlegg 4 – Publikasjonar og faglege presentasjonar 2015	32
Vedlegg 5 – Medieoppslag om GAMUT	44

Forord

GAMUT si årsmelding for 2015 er i hovudsak basert på same mal som tidlegare, men er noko kortare og enklare enn årsmeldinga for tidlegare år. Til gjengjeld vil vi utarbeide ein kortversjon på engelsk, med tanke på våre internasjonale samarbeidspartnarar og på vår nye Scientific Advisory Committee, som vert samla i Bergen for første gong i april 2016.

2015 har vore eit godt år for GAMUT. Eksternfinansiert aktivitet var rekordhøg i 2014 og gjorde eit nytt hopp opp i 2015, frå ca. 6 til ca. 9 millionar kr. Auke i omsetjing er ikkje noko mål i seg sjølv, men det byggjer fag og skapar nye mogelegheiter, og det reflekterer høg kompetanse og innsats frå dei fagtilsette si side. Om lag 2 millionar kr. av ekstern inntening i 2015 gjekk til UiB, og om lag 7 millionar kr. til Uni Research Helse, avhengig av kor prosjektleiar har si faglege tilknytning.

I tillegg til den eksternfinansierte aktiviteten, er viktige forskingsressursar knytt til fagstillingane ved det femårige integrerte masterprogrammet i musikkterapi ved Griegakademiet, UiB, slik at det samla sett er om lag like mykje musikkterapeutisk forskingsaktivitet i dei to organisasjonane (sjå prosjektoversyn i Del 3). Dei to faggruppene som utgjer tvillingssenteret har ulike profilar og utfyller kvarandre fagleg. Gjennom POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi er begge miljøa aktive i å bidra til at det også vert bygd opp ein forskingskultur for musikkterapi i kommunar og helseføretak i regionen. Til saman vil dette etablere føresetnader for å gjere Bergen og Vestlandet til ein internasjonalt profilert region i musikkterapifaget, også når det gjeld toppforskning.

Breidda i GAMUT sin aktivitet er stor, frå praksisnære initiativ som kan byggje «fagleg grunnmur» – som POLYFON og ulike faglege nettverk – til potensielle «fyrstårn» som DECIMH, GAMUTs søknad til SFF-IV, med fokus på korleis forstå, utvikle og evaluere komplekse intervensjonar i arbeid med mental helse. Ei viktig hending i 2015 var elles start av Karin Mösslers FRIPRO-prosjekt «Shared moments» i kategorien unge forskningstalant, med fokus på relasjonens kvalitet som utfallsprediktor i musikkterapi for barn med autismespektertilstander.

Året har vidare vore prega av eit stort spekter av seminar og evenement, med m.a. ulike innslag på Festspillene og stor nordisk konferanse om musikkterapi, rus og psykisk helse arrangert i samarbeid med Stiftelsen Bergensklinikkene. Alt dette har skjedd i ein periode med meir ålmenn interesse for musikkterapi enn nokon gong. I april 2015 gav UiB Christieprisen til Christian Rieber for hans mangeårige støtte til klimaforskning, musikkterapi og alders- og sjukeheimsmedisin. Den 4. juni 2015 var det politiske ansvaret for å integrere musikkterapi i helsetenestene tema i ein interpellasjonsdebatt på Stortinget, ein debatt som varte nesten ein time og demonstrerte at det er eit tverrpolitisk engasjement for utvikling av feltet.

Lite tyder på at 2016 – det året då GAMUT skal feire sitt 10-årsjubileum – vert mindre spennande. I det denne årsmeldinga vert skriven, er det nettopp gjort kjend at universitetsstyret har prioritert nye studieplassar til musikkterapifaget, noko som både vil bidra til å bygge universitetsfaget vidare og til å skape føresetnader for tenesteutvikling og implementering i aktuelle samfunnssektorar. Samstundes vert 2016 det året der UiB gjer vedtak om eit eventuelt nytt fakultet for kunst, design og musikk og om korleis samarbeidet UiB-Uni Research skal organiserast i åra framover. Begge delar vil verke inn på framtidige rammevilkår og mogelegheiter for tvillingssenteret GAMUT.

Bergen 22. februar 2016

Brynjulf Stige
Forskingsleiar GAMUT

Del 1: Generelt om GAMUT

Bakgrunn og mål

GAMUT – Griegakademiets senter for musikkterapiforskning vart etablert i 2006, i samband med at musikkterapi vart etablert som universitetsfag ved UiB. GAMUT er i dag eit tvillingsenter, regulert av ein samarbeidsavtale mellom UiB og Uni Research. Gjeldande mål vart formulerte i januar 2008:

- Å utvikle eit norsk musikkterapeutisk forskingssenter på høgste internasjonale nivå
- Å sikre adekvat kunnskapsutvikling innan universitetsfaget musikkterapi
- Å utvikle samfunnsrelevant kunnskap om samanhengar mellom musikk, helse og utvikling.

Arbeidsområde

GAMUT forskar på forholdet mellom musikk og helse, i kliniske og kvardagslege samanhengar. Forskingsresultat vert publiserte i fagfelleverderte tidsskrift og i monografar/bøker. I tillegg til forskning, legg senteret vekt på oppgåver som formidling, kurs og rettleiing, og i aukande grad også etter- og vidareutdanning og medverknad til tenesteutvikling. GAMUT er vidare ein sentral aktør innan publisering av internasjonale vitenskaplege tidsskrift, som utgjevar av det verdsomspennande tidsskriftet *Voices: A World Forum for Music Therapy* (nivå 1, Open Access) og det internasjonale tidsskriftet *Nordic Journal of Music Therapy* (nivå 2, drive i samarbeid med Routledge).

Aktiviteten er dels eksternt finansiert (ca. 9 millionar kr i 2015) og dels finansiert av UiBs ressursar til forskning i fagstillingane knytt til femårig integrert masterprogram i musikkterapi ved Griegakademiet – Institutt for musikk.

Strategi

Sentrale strategiar for utvikling av GAMUT er:

- Samhandling mellom praksisnære prosjekt og toppforskningsinitiativ
- Inkludering av masterstudentar og doktorgradskandidatar i senteret sin forskingsaktivitet
- Tett samarbeid mellom musikkterapiforskarane ved UiB og Uni Research
- Tverrfagleg samarbeid med andre aktuelle forskingsmiljø i regionen
- Samarbeid med aktuelle kommunar, fylkeskommunar og helseføretak
- Samarbeid i nasjonale og internasjonale forskingsnettverk.

Organisasjon og rammer

25 personar var knytt til GAMUT i 2015 i ulike roller (sjå arbeidsområde over), inklusivt ein ekstern PhD-kandidat. 9 av dei 24 personane tilsett ved UiB eller Uni Research var i fulle eller tilnærma

fulle stillingar og totalt var det i 2015 litt over 14 årsverk i fagmiljøet, derav ca. 8,3 årsverk til forskning.

Styringsgruppa for GAMUT er leia av viserektor for UiB, Oddrun Samdal, og har to representantar frå UiB, to frå Uni Research og to eksterne representantar. Senteret er leia av professor Brynjulf Stige, og det er også etablert ei leiargruppe med fire medlemmar i ulike roller i GAMUT. Ein Scientific Advisory Committee vart etablert i 2015, med fire internasjonalt profilerte forskarar.

Meir informasjon om senteret sin aktivitet

Sjå Del 2 av årsmeldinga for nærare detaljar om organisasjon og rammer og Del 3 om senteret sin faglege aktivitet. Vi viser elles til ulike vedlegg og til nettsida: www.gamut.no

Del 2: Organisasjon og rammer

Personalia

25 personar har vore knytt til GAMUT i 2015 i ulike roller, hovudsakleg då forskning, undervisning, formidling og administrasjon, der ein av desse er ein ekstern PhD-kandidat. 9 av dei 24 tilsette har vore i fulle eller tilnærma fulle stillingar, 7 av desse ved UiB. Totalt var det i 2015 gjennomført nærare 13,5 årsverk av dei tilsette i fagmiljøet, derav ca. 7,5 årsverk knytt til forskning, dersom vi reknar at 50 % av dei faste UiB-stillingane og 75 % av ei stipendiatstilling ved UiB går til forskning. I tillegg kjem også ca. 4,6 årsverk knytt til undervisning ved UiB, ca. 0,3 årsverk knytt til ekstern undervisning og formidling (Uni Research), 0,4 årsverk administrasjon knytt til tidsskrifta *NJMT* og *Voices* (Uni Research) og 0,6 årsverk administrasjon knytt til POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi (UiB). Andre administrative ressursar ved eigarorganisasjonane er då haldne utanom, og også forskarårsverk hjå fagpersonar tilsett annan stad men knytt til GAMUT som forskarfelleskap.

Når det gjeld ulike roller, kan miljøet beskrivast slik:

- 6 førsteamanuensar knytt til dei 6 faste universitetsstillingane som UiB i dag har avsett til musikkterapifaget (1 professor i permisjon)
- 1 professor ved UiB knytt til eksternfinansiert aktivitet (POLYFON)
- 2 doktorgradskandidatar (1 kandidat på UiB-stipend og 1 eksternt finansiert kandidat)
- 2 professorar, 1 førsteamanuensis og 3 universitetslektorar knytt til musikkterapistudiet ved Griegakademiet i bistillingar utan forskningstid
- 1 forskar 1 og 1 forskar 2 knytt til Uni Research Helse i faste stillingar
- 1 postdoktor knytt til Uni Research Helse
- 2 forskar 2 og 1 forskar 3 i mellombelse prosjektengasjement knytt til Uni Research Helse (frå timeoppdrag og opp i 50 % stilling)
- 2 førsteamanuensar i bistillingar/på timeoppdrag knytt til etter- og vidareutdanningstilbod i regi av Uni Research Helse
- 1 administrativ konsulent i Uni Research Helse knytt til tidsskrifta *NJMT* og *Voices* (til saman 40 % stilling)
- 1 administrativ konsulent ved UiB knytt til POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi (60 % stilling)

Organisasjon

GAMUT har forankring både som forskingsgruppe ved Griegakademiet (UiB) og som ei eining under Uni Research Helse. Samspelet mellom UiB og Uni Research er ein avgjerande styrke for

forskingssenteret, og UiB og Uni Research har inngått ein forpliktande avtale som regulerer samarbeidet i tvillingsenteret. Avtalen har som mål om å byggje ein strategisk allianse som kan sikre og utvikle GAMUT sin posisjon som eit nasjonalt og internasjonalt leiande fagmiljø innan utdanning, forskning, formidling og praksisutvikling i musikkterapi. Samarbeidet inneber at strategiprosessar vert koordinerte og skal bidra til at fagmiljøet vert meir robust og synleg. Prinsipp som kvalitet, likeverd og gjensidigheit skal prege samarbeidet. Avtalen vart signert i mars 2015, men gjeld formelt i åtte år frå 1. januar 2013.

Avtalen inneber at det er oppretta ei styringsgruppe, med to eksterne representantar, to representantar frå UiB og to frå Uni Research. Styringsgruppa vert oppnemnd for ein periode på 4 år og har det overordna ansvar for felles aktivitet innanfor avtalens område. Samarbeidsavtalen presiserer vidare at leiar for GAMUT skal opprette ein fagleg leiargruppe som skal bidra til fagleg koordinering og til utvikling av samarbeidsrelasjonar.

Styringsgruppe

GAMUT si styringsgruppe har følgjande samansetning:

Leiar:	Oddrun Samdal (UiB)
Nestleiar:	Aina M. Berg (Uni Research)
Medlemmer:	Hege R. Eriksen (Uni Research Helse, våren 2015) Guri Rørtveit (Uni Research Helse, hausten 2015) Frode Thorsen (Griegakademiet – Institutt for musikk, UiB) Hans Olav Instefjord (ekstern representant) Torbjørn Wilhelmsen (ekstern representant).

I tillegg kjem at POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi har si eiga styringsgruppe, sjå årsmeldinga for POLYFON (www.gamut.no).

Ulike roller i GAMUT 2015

Leiar	Brynjulf Stige
Fagleg leiargruppe	Brynjulf Stige, Claire Ghetti, Christian Gold, Randi Rolvsjord, Simon Gilbertson (våren 2015), Wolfgang Schmid (hausten 2015)
Programkoordinator UiB	Simon Gilbertson (våren 2015) Wolfgang Schmid (hausten 2015)
Redaktør NJMT	Christian Gold og Joke Bradt (USA)
Redaktør Voices	Brynjulf Stige, Sue Hadley (USA) og Katrina McFerran (Australia)
Førstekonsulent NJMT/Voices	Rune Rolvsjord
Førstekonsulent GAMUT/POLYFON	Liv Gunnhild Qvale (våren 2015) Olav Tveitane (hausten 2015)

Scientific Advisory Committee

Samarbeidsavtalen om GAMUT presiserer at senteret skal ha ein «Scientific Advisory Committee» (SAC), som skal vere eit fagleg rådgjevande og evaluerande organ. SAC skal ha inntil 5 medlemmar som alle skal vere forskarar på eit høgt internasjonalt nivå innanfor musikkterapifeltet eller nærliggande fagfelt. GAMUT sin første SAC vart etablert i 2015, der ein legg opp til det første evalueringsseminaret med SAC våren 2016. Samansetjing:

- Tia DeNora: Professor in Music Sociology, University of Exeter, Storbritannia
- Lars Lien: Leiar Nasjonal kompetanseteneste for samtidig rusmisbruk og psykisk lidning (ROP)
- Katrina McFerran: Professor of Music Therapy, University of Melbourne, Australia
- Peter Tyrer: Professor of Community Psychiatry, Imperial College, London.

Økonomi

Finansiering og økonomi 2015

Aktiviteten i GAMUT er i balanse økonomisk, sjå Vedlegg 1, og det er ei god utvikling av aktiviteten. Omsetjinga var rekordhøg i 2014 og har likevel auka monaleg i 2015, frå kr. 5 960 761 i 2014 til kr. 9 041 575 i 2015.

Som tidlegare år, er Norges forskingsråd og GC Rieber Fondene dei to viktigaste kjeldene for ekstern finansiering av aktiviteten, sjå elles Vedlegg 1.

Uni Research Helse vart i 2014 innlemma i Norges forskingsråd si ordning med basisløyvingar til forskingsinstitutt og prioriterte også i 2015 å gje strategisk støtte for vidare utvikling av GAMUT. I 2015 har dette særleg gått til utvikling av SFF-søknaden «Centre for the Development and Evaluation of Complex Interventions in Mental Health» (DECIMH), med Christian Gold som prosjektleiar. Søknaden vart utarbeid i samarbeid med Uni Research Computing og Det humanistiske fakultet og Det psykologiske fakultet ved Universitetet i Bergen.

I tillegg kjem prosjekt i GAMUT finansiert av UiB, og dessutan prosjekt med fagleg tilknytning til GAMUT, men med arbeidsgjevaransvar og tyngds av finansieringa knytt til annan institusjon, som t.d. eksterne doktorgradskandidatar og forskning der kommunar og helseføretak sjølve står for eller skaffar finansiering. Gjennom POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi vil det etter kvart utvikle seg fleire prosjekt av denne typen.

Samarbeidsrelasjonar innan UiB og Uni Research

Samarbeidet mellom musikkterapifaget ved UiB og forskingssenteret ved Uni Research Helse er heilt sentralt for GAMUT. Det er vanskeleg å tenkje seg det eine miljøet utan det andre. I tillegg til dette faginterne samarbeidet, legg fagmiljøet vekt på å utvikle ulike tverrfaglege samarbeidsrelasjonar, m.a. innanfor UH-nett Vest. Nedanfor vil vi kort skissere arbeidet med dette i 2015. Samla sett har GAMUT eit svært gode nettverk, der eksisterande relasjonar genererer nye.

Humanistiske fag

Gjennom Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies har musikkterapi etablert ei kontaktflate med nærskyldte musikkfag som musikkpedagogikk og musikkvitenskap.

Medisinske fag

Gjennom Uni Research Helse er det etablert fruktbar kontakt og samarbeid med Allmenne medisinsk forskningsenhet (AFE Vest). Gjennom Haukeland universitetssjukehus har det utvikla seg eit samarbeid i høve til nevrorehabilitering, med overlege Geir Olve Skeie. TIME-A har også styrkt samarbeidsrelasjonane med Haukeland universitetssjukehus, særleg opp mot forskarar og fagpersonar ved PBU (Klinikk psykisk helsevern for barn og unge). GAMUT si deltaking i TVEPS (Senter for tverrprofesjonell samarbeidslæring i primærhelsetjenesten) vil kunne opne for framtidige tverrfaglege prosjekt med medisin og andre helsefag.

Psykologiske fag

Samarbeidet med ulike psykologiske fagmiljø ved Psykologisk fakultet, UiB, er etablert m.a. i høve til kriminalomsorg og klinisk psykologi. Gode samarbeidsrelasjonar er utvikla også med professor Karsten Specht ved fMRI-gruppa ved Institutt for biologisk og medisinsk psykologi. Desse fagmiljøa var involverte i arbeidet med SFF-søknaden omtalt over. Vidare er det etablert ein god samarbeidsdialog med Regionalt kunnskapssenter for barn og unges psykiske helse (RKBU Vest, Uni Research Helse), noko som frå 2015 vart styrkt monaleg gjennom RKBU Vest si aktive deltaking i POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi.

Andre samarbeidsrelasjonar

Fagmiljøet i musikkterapi har tradisjon for å arbeide i faglege nettverk, lokalt/regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Dette har ein søkt å vidareutvikle også i 2015.

Lokale, regionale og nasjonale samarbeidsrelasjonar

Formalisert samarbeid er inngått med følgjande regionale/nasjonale instansar:

- Aleris Ungplan & BOI, Vest
- Allmenntmedisinsk forskningsenhet (AFE Vest)
- Bergen kommune
- Bergen Røde Kors sykehjem
- Bergensklinikkene
- Fjell kommune
- Haraldsplass Diakonale Sykehus
- Helse Bergen/Haukeland universitetssjukehus
- NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus
- Regionalt kunnskapssenter for barn og unge (RKBU Vest, Uni Research Helse)
- Senter for musikk og helse, Norges musikkhøgskole
- Sogn og Fjordane fylkessenter for musikkterapi
- Stiftelsen Bergensklinikkene
- Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane
- Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland

Internasjonale nettverk

Forskarar ved GAMUT har samarbeidsrelasjonar til ei lang rekkje universitet og forskingssenter i ulike delar av verda. T.d. har prosjekta «Shared moments» og «Time-A» (sjå del 3) utvikla forpliktande samarbeidsrelasjonar til følgjande miljø:

- Cambridgeshire Music, Storbritannia
- East London NHS Foundation Trust, Storbritannia
- Imperial College of Science Technology and Medicine, London, Storbritannia
- Istituto Scientifico Fondazione Stella Maris (IRCCS), Italia
- Jeonju University, Korea
- Molloy College, New Orleans, USA
- School of Public Health, University of Haifa, Israel
- Universidade Federal de Goiás, Brasil
- Universidade Federal do Rio Grande do Sul; Brasil
- Universität der Künste, Berlin; Tyskland
- Universität Wien, Faculty of Psychology, Austerrike.



Frå startseminaret for POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi 5. mars 2015. Frå venstre framme: Eva Karin Løvaas (Stiftelsen Bergensklinikkene), Jorunn Bakke Nydal (Sogn og Fjordane fylkeskommune), Rune Eidset (Bergen kommune), Brynjulf Stige (Griegakademiet, UiB). Frå venstre bak: Thomas Høiset (Aleris), Sebastian von Hofacker (Haraldsplass Diakonale Sjukehus), Ingebjørg Erikstad (Sogn og Fjordane fylkeskommune), Frode Thorsen (Griegakademiet, UiB), Christian Rieber (GC Rieber Fondene), Hege Eriksen (Uni Research Helse), Geir Lien (Helse Bergen). Representantane for RKBU (Uni Research Helse) og NKS Olaviken Alderspsykiatriske Sykehus var ikkje til stades då bildet vart tatt, medan Fjell kommune kome med i samarbeidet seinare dette året. (Foto:Rune Rolvsjord/Uni Research)

Som forskingssenter er GAMUT dessutan med i internasjonale nettverk i musikkterapi, der medlemskap i International Consortium of Eight Music Therapy Research Universities for tida er det viktigaste og gjev samarbeidsrelasjonar til følgjande universitet og vitskaplege høgskular:

- Anglia Ruskin University, Cambridge, Storbritannia
- Katholieke Universiteit, Leuven, Belgia
- Norges musikkhøgskole
- Temple University, Philadelphia, USA
- University of Jyväskylä, Finland
- University of Melbourne (National Music Therapy Research Unit/NaMTRU), Australia
- Aalborg Universitet

Vidare er det solide internasjonale nettverk knytt til dei to vitskaplege tidsskrifta GAMUT gjev ut: *Nordic Journal of Music Therapy* og *Voices: A World Forum for Music Therapy* har tett samarbeid med redaksjonsmedlemmer, redaksjonskontaktar, fagfellar og språkkonsulentar frå rundt 20 land kvar, for *NFMT* sin del frå Europa, USA, Asia og Australia og for *Voices* sin del frå alle kontinent.

Del 3: Fagleg aktivitet

Nye prosjektsøknader og nystarta prosjekt i 2015

Forskarar ved GAMUT har stått ansvarlege for fire større forskingsprosjektsøknader til NFR i 2015:

- Jill Halstead (Griegakademiet, UiB): «Norwegian Researcher School in Interdisciplinary Music Studies (INTERMUSE)». Søknaden var basert i det regionale konsortiet Grieg Research School, supplert med ei lang rekkje nasjonal og internasjonale samarbeidspartnarar. Søknadssum: 24 millionar kr. Søknaden fekk diverre ikkje tilslag. Ny utlysing om nokre år.
- Lucja Bieleninik (Uni Research Helse): «Longitudinal Study of music Therapy's Effectiveness for Premature infants and their caregivers (LongSTEP)», saman med Claire Ghetti og Christian Gold ved GAMUT og RKBUs forskar Hanne C. Braarud. Søknaden var m.a. knytt til den nyoppretta prosjektstillinga for musikkterapeut ved Barneklubben på Haukeland universitetssjukehus. Søknadssum: 7 millionar kr. Søknaden fekk diverre ikkje tilslag. Etter planen sender Bieleninik inn ein ny og forbetra søknad våren 2016.
- Brynjulf Stige (Griegakademiet, UiB): «Music Therapy and Healthcare Innovation through Collaborative Governance (MUSING): A mixed-method study in care services for older adults». Partnarskap med HiB (Senter for omsorgsforskning Vest), Uni Research Helse, Uni Research Rokkansenteret og 6 ulike kommunar i regionen. Søknadssum: 20 millionar kr. Tilbakemelding frå NFR kjem våren 2016.
- Christian Gold (Uni Research Helse): «Centre for the Development and Evaluation of Complex Interventions in Mental Health (DECIMH)», i samarbeid med Det psykologiske fakultet og Det humanistiske fakultet ved Universitetet i Bergen og med Uni Research Computing. Søknadssum: 120 millionar kr. Tilbakemelding frå NFR på om prosjektet går til andre runde kjem våren 2016.

To eksterntfinansierte forskingsrelaterte prosjekt starta opp i 2015:

- Karin Mössler (Uni Research) er prosjektleiar for «Shared moments: The bodily and emotional quality of the therapeutic relationship as outcome predictor in music therapy with children on the autism spectrum» (2015-2019). Prosjektet spring ut av det store TIME-A-prosjektet og har fått FRIPRO-midlar i Norges forskingsråd, noko som i seg sjølv er positivt for GAMUT. Finansiering: Norges forskingsråd (kr. 7 millionar).
- Brynjulf Stige (UiB) er prosjektleiar for «POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi» (2015-2019) skal byggje infrastruktur for systematisk samarbeid mellom praksisfelt, utdanning og forskingsmiljø, med mål om å gjere Bergen og Vestlandsregionen til eit føregangsområde for musikkterapi. Bakgrunnen er ei vurdering av at musikkterapifaget er inne i ein ny utviklingsfase, der det er grunnlag for systematisk implementering i helse-,

omsorgs- og barnevernstenestene. Dermed vert samhandling med praksisfeltet også ein føresetnad for å byggje universitetsfag og toppforskning. Finansiering: GC Rieber Fondene, KD/NFR og 11 ulike konsortiedeltakarar, til saman noko over kr. 2 millionar per år, kr. 12-14 millionar for femårsperioden.

I tillegg har GAMUT vore ansvarleg for eitt tilbod og ein søknad i høve til kurs og etterutdanning, der den siste førte til vidareutvikling av fagleg aktivitet:

- Brynjulf Stige (Uni Research): «Musikkomsorg Norge – et opplæringsprogram i musikk som miljøbehandling». I juni kunngjorde Helsedirektoratet (gjennom Doffin) ei offentleg anskaffing av opplæringsprogram om miljøbehandling med integrert bruk av musikk, for tilsette i helse- og omsorgstenestene. GAMUT gav tilbod om å vere hovudleverandør, med Geriatrisk ressurscenter (Oslo kommune), Høgskolen i Buskerud og Vestfold, Høgskolen i Telemark, Norges musikkhøgskole og Høgskolen i Bergen som underleverandørar. Tilbodet fekk god evaluering, men oppdraget gjekk likevel til Nasjonalt kompetansesenter for kultur, helse og omsorg ved Høgskolen i Nord-Trøndelag (HINT). Finansiering: Med atterhald om løyvingar over statsbudsjettet for dei neste åra, la Helsedirektoratet til grunn at satsinga vil følgje planperioden for Omsorg 2020 og Kompetanseløft 2020, med ca. kr. 5 millionar per år, altså totalt ca. kr. 25 millionar. Uvisst om det kjem nye kunngjeringar.
- Brynjulf Stige (Uni Research): «Etterutdanningstilbod i musikkterapi, rus og psykisk helse (vidareutvikling av pilotprosjekt)». GAMUT fekk i 2014/15 kr. 600 000,- i tilskot frå Helsedirektoratet til å etablere etterutdanning for musikkterapeutar og dessutan ulike tverrfaglege informasjonskurs om musikkterapi, rus og psykisk helse. I 2015 fekk senteret ei ny tildeling, og GAMUT kunne då forlenge Hans Petter Solli si deltidsstilling for koordinering av dette arbeidet. Samarbeidet med RKBU Vest i Uni Research Helse vart også vidareført. Den nye tildelinga er svært kjærkomen. Etter tilrådinga av musikkterapi i nasjonale faglege retningslinjer, er det behov for å byggje meir spesialisert kompetanse hjå musikkterapeutane og for å informere om faget og profesjonen. Finansiering: kr. 500 000,- over statsbudsjettet 2015 kap. 765, post 73. Uvisst om aktuell tilskotsordning vert vidareført i 2016, så alternative finansieringskjelder for framtidig vidareutvikling vil verte undersøkt.

Forskningsprosjekt i regi av GAMUT

Prosjekt i 2015 er lista alfabetisk etter prosjekttittel. For nærare informasjon, sjå www.gamut.no

Dementia Reimagined: Arts-based research developing a film resource for use in training professionals who work in dementia care. Resource development and follow up study.

Tidsperiode: 2015-2016

Finansiering: Griegakademiet/UiB, University of Roehampton, University of Leeds, University of Manchester

Involverte forskarar/partnarar: Beatrice Allegranti (UR), Jill Halstead (UiB), Bonnie Meekums (UL), Professor Dee Reynolds (UM), The Alzheimer's Society, UK

Home-based Music Therapy for Individuals Living with Amyotrophic Lateral Sclerosis (ALS) and their caring spouses

Tidsperiode: 2013-2015

Finansiering: Forskningsfondet om nevromuskulære sykdommer

Involverte forskarar: Wolfgang Schmid, Geir Olve Skeie, masterstudentane Maren Ek Knudsen og Svenja Maier

Prosjektleder: Wolfgang Schmid (UiB)

In Audible Movements: A multidisciplinary study of interrelations between physical movement and musical structures in music improvisation

Tidsperiode: 2015-2016

Finansiering: Universitetet i Bergen

Prosjektleder: Simon Gilbertson (UiB)

In Visible Hands: A Multidisciplinary Collaborative Arts-based Research Project Exploring Meanings Given by Music Therapists Involved in Creative Music Action in Relation to Their Hands

Tidsperiode: 2011-2015

Finansiering: Universitetet i Bergen

Prosjektleder: Simon Gilbertson (UiB) og Jill Halstead (UiB)

Kunnskapsoppsummering om musikkterapi i palliativ omsorg

Tidsperiode: 2015-2016

Finansiering: UiB, POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi og Haraldsplass Diakonale Sykehus,

Involverte forskarar: Jan Henrik Rosland, Sebastian von Hofacker, Wolfgang Schmid

Prosjektleder: Wolfgang Schmid (UiB)

Longitudinal Study of Music Therapy for Premature Infants and Their Parents/Caregivers – Protocol Development for Systematic Review

Tidsperiode: 2015-2016

Finansiering: Universitetet i Bergen

Involverte forskarar: Łucja Bieleninik (Uni Research), Claire Ghetti, Christian Gold

Making Music: Action, Embodiment, Health. Locating Music as Act and Activity in Contemporary Culture

Tidsperiode: 2010- 2015
Finansiering: Universitetet i Bergen
Involverte forskarar: Jill Halstead, Randi Rolvsjord
Prosjektleder: Jill Halstead (UiB)

Measuring Awareness in Pediatric Populations with Prolonged Disorders of Consciousness

Tidsperiode: 2013-2015
Finansiering: Temple University, Universitetet i Bergen
Involverte forskarar: Wendy Magee (TU), Claire Ghetti (UiB)

Prosjektleder: Wendy Magee (TU)

MOT 82 – MusikkOppfølgingsTilbod for menneske med psykisk lidning

Tidsperiode: 2014-2016
Finansiering: Helse Vest (tenesteutvikling) og UiB (forskning)
Prosjektleder: Lars Tuastad (UiB)



Lars Tuastad var i 2015 tilsett i ei kombinert stilling, med 80 % som førsteamanuensis ved Griegakademiet, UiB, og 40 % som musikkterapeut ved Bjørgvin DPS, Helse Bergen. Forskinga hans er knytt til MOT82, eit prosjekt som fokuserer på eit viktig tema for tenesteutvikling, nemleg oppfølging av pasientar etter behandling i spesialisthelsetenesta. (Foto: Rune Rolvsjord/Uni Research)

Mot et selvstendig liv i felleskap: en kvalitativ studie av musikkterapeutisk praksis i fasen av ettervern innen barnevernet

Tidsperiode: 2015-2019
Finansiering: Aleris Ungplan Region Vest
Involverte forskarar: Viggo Krüger, Brynjulf Stige, Astrid Strandbu (UiT)
Prosjektleder: Viggo Krüger (Aleris/UiB)

Music Therapy with Asylum Seeking and Refugee Children (PhD-prosjekt)

Tidsperiode: 2015-2017
Finansiering: Høgskulen i Volda
Kandidat: Kaja Elise Åslid Enge
Hovudrettleiar: Brynjulf Stige (UiB)

Music Therapy for Substance Abuse: Development of a Protocol for Cochrane Systematic Review

Tidsperiode: 2015 – 2016
Finansiering: UiB og POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi
Involverte forskarar: Claire Ghetti, Xi-Jing Chen (Chinese Academy of Sciences), Jörg Fachner (Anglia Ruskin University), Christian Gold
Prosjektleder: Claire Ghetti (UiB)

Musikk – bevegelse – helse: et pilotprosjekt

Tidsperiode: 2015-2016
Finansiering: UiB og POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi
Prosjektledarar: Jill Halstead (UiB) og Randi Rolvsjord (UiB)

Perspectives on Music Therapy Theory

Tidsperiode: august 2010-desember 2015
Finansiering: Universitetet i Bergen
Prosjektleder: Brynjulf Stige

Perspektiver på implementering av musikkterapi i tverrfaglig spesialisert rusbehandling

Tidsperiode: 2015-2016
Finansiering: Universitetet i Bergen
Prosjektledarar: Claire Ghetti (UiB) og Brynjulf Stige (UiB)

POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi

Tidsperiode: 2015-2019
Finansiering: GC Rieber Fondene, Norges forskingsråd og dei (per dags dato) 11 konsortiedeltakarane (forskingstiljø, kommunar og helseføretak)
Involverte forskarar: Dei fleste forskarane ved GAMUT, 3 forskarar ved RKBU og dessutan forskarar tilsette hjå konsortiedeltakarane.
Prosjektleder: Brynjulf Stige (UiB)

Eiga årsmelding er utarbeidd for POLYFON for 2015, sjå: www.gamut.no

Shared Moments: The Bodily and Emotional Quality of the Therapeutic Relationship as Outcome Predictor in Music Therapy with Children on the Autism Spectrum

Tidsperiode: 2015-2019

Finansiering: Norges forskingsråd

Involverte forskarar: Karin Mössler, Jörg Assmus, Christian Gold, Wolfgang Schmid

Prosjektleiar: Karin Mössler (Uni Research)

The Gendering of Musical Practices: A Study of Gender Performances in Music Therapy and Popular Music Cultures

Tidsperiode: 2013-2016

Finansiering: UiB

Prosjektleiarar: Jill Halstead (UiB) og Randi Rolvsjord (UiB)

The Quality of the Relationship as Outcome Predictor in Music Therapy with Children with Autism Spectrum Disorders

Tidsperiode: 2013-2015

Finansiering: Helse Vest

Involverte forskarar: Karin Mössler, Jörg Assmus, Christian Gold, Marko Nouwens, Wolfgang Schmid

Prosjektleiar: Wolfgang Schmid (UiB)

Trial of Improvisational Music therapy's Effectiveness for children with Autism (TIME-A)

Tidsperiode: 2012-2017

Finansiering: Norges forskningsråd

Involverte forskarar: Christian Gold, Jörg Assmus, Łucja Bieleninik, Monika Geretsegger & Karin Mössler.

Prosjektleiarar: Christian Gold (Uni Research)

Urolige barn. En undersøkelse av begrepet «uro» i barnehagen i en musikkterapikontekst (PhD-prosjekt)

Tidsperiode: 2011-2016

Finansiering: Universitetet i Bergen

Kandidat: Anna Helle-Valle

Medrettleiarar: Per Einar Binder og Norman Andersen (Uni Research Helse og Psykologisk Fakultet, UiB),

Hovudrettleiar: Brynjulf Stige (UiB)

Tidsskriftsdrift

Nordic Journal of Music Therapy (NJMT)

Tidsskriftet var etablert i 1992, med Brynjulf Stige som initiativtaker og første redaktør. Dei noverande redaktørane Christian Gold og Joke Bradt (USA) leier eit team av 5 medredaktørar og ein redaksjonssekretær, og dessutan eit redaksjonsråd på 18 akademikarar frå ulike land og verdsdelar. NJMT er på nivå-2 i det norske tellekantsystemet. Tidsskriftet har vore i ei rivande utvikling dei siste åra. Eit samarbeid med Routledge (Taylor & Francis) vart etablert i 2008 og fungerer godt, både i høve til produksjon og distribusjon. GAMUT står som eigar av tidsskriftet og har såleis fagleg kontroll. Impactfaktor for 2014 (publisert i 2015) var 0,960 og 5-års impactfaktor 1,286. Routledge auka i 2015 utgjevingsfrekvensen, frå 3 trykte utgåver i året til 4 per år. For få år sidan hadde tidsskriftet berre 2 utgåver per år. NJMT har vore aktiv dei siste åra med å arrangere rundebordskonferansar om skriving, fagfellevurdering osv. på internasjonale konferansar, i 2015 med ein rundebordskonferanse ved 8th Nordic Music Therapy Congress arrangert i Oslo. Drifta av tidsskriftet er basert på abonnementsinntekter (administrert av Routledge, som så gjev GAMUT ein økonomisk kompensasjon). Inntektene har dei siste åra vore stabilt stigande og tilstrekkelege.

Voices: A World Forum for Music Therapy

Dette verdsomspennande tidsskriftet vart etablert i 2001 og er publisert elektronisk, som Open Access. Brynjulf Stige er redaktør, saman med Katrina McFerran (Australia) og Sue Hadley (USA). Denne redaktørtrioen har med seg eit team av 9 medredaktørar frå ulike verdsdelar, og dessutan ei stor rådgjevande gruppe med fagfellar. *Voices* er rangert som eit nivå-1-tidsskrift i det norske tellekantsystemet. *Voices* sin filosofi er å utvikle eit inkluderande tidsskrift med sterk vektlegging av sosiale og kulturelle aspekt av musikkterapien. *Voices* gjennomførte i 2015 ei undersøking av forfattarane sine erfaringar med fagfellevurderingsprosessen. Dei fleste forfattarar sa seg godt nøgde med prosessen, samstundes som nokre tema for forbetring vart identifiserte. Som NJMT, har *Voices* vore aktiv dei siste åra med å arrangere rundebordskonferansar på internasjonale konferansar, i 2015 med ein rundebordskonferanse ved 8th Nordic Music Therapy Congress arrangert i Oslo. Tidsskriftet må finne ny finansiering i løpet av 2016. Forfattarbetaling kunne vere ein mogleg strategi, men ville undergrave tidsskriftet sin intensjon om å inkludere fagmiljø som av økonomiske i praksis vert ekskluderte frå å bruke tradisjonelle vitskaplege tidsskrift. GAMUT arbeider difor med å få på plass ny fondsfinansiering og/eller offentleg finansiering av tidsskriftet.

Publisering og anna formidling

Her gjev vi eit oversyn over publisering og annan formidling ved GAMUT. Sjå vedlegg 4 for referansar og detaljar.

Vitskapleg artikkelpublisering

I 2015 var forskarar frå GAMUT forfattarar i leiande roller (første- eller sisteforfattar) på 21 artiklar og medforfattarar på 4 artiklar i internasjonale tidsskrift med fagfellevurdering, altså 25 artiklar totalt i internasjonale tidsskrift med fagfellevurdering, mot 24 i 2014. For fleire av desse artiklane er meir enn ein GAMUT-forskar involvert.

Annan artikkelpublisering

I 2015 var forskarar frå GAMUT førsteforfattarar eller medforfattarar på 3 artiklar i fag-/bransjetidsskrift, 2 kronikkar, 4 leiarartiklar i internasjonale tidsskrift, 2 leiarartiklar i nasjonalt tidsskrift, 1 bokmelding, 1 lesarinnlegg og 1 brev til redaktøren.



Randi Rolvsjord var i 2015 – for andre år på rad – på lista over dei 100 mest-publiserte forskarane ved UiB. GAMUT hadde to forskarar på denne lista i 2014 og tre i 2015. (Foto: Rune Rolvsjord/Uni Research)

Føredrag på internasjonale og nasjonale konferansar

I 2015 hadde forskarar frå GAMUT 16 føredrag på vitskaplege konferansar (dei fleste internasjonale, der eitt av desse var ein invitert keynote), 26 andre faglege føredrag på ulike konferansar og seminar, og dessutan 2 poster.

Bokkapittel, bøker og avhandlingar

I 2015 publiserte fagmiljøet 1 fagbok/lærebok på Universitetsforlaget, 10 bokkapittel (hovudsakleg på internasjonale forlag), og 1 forord til ein publikasjon i Norges musikkhøgskole sin skriftserie om musikkterapi/musikk og helse.

Føredrag

I tillegg til bidrag på internasjonale og nasjonale konferansar, har dei fagtilsette i GAMUT i 2015 gjennomført ei rekkje føredrag i ulike samanhengar, inklusivt eit populærvitskapleg føredrag.

Film

Filmar er ein viktig del av GAMUT sitt kommunikasjonsarbeid og inngår også som del av fagleg utviklingsarbeid og arts-based research. I 2015 omfatta dette kortfilmen «I Can't Find Myself». Produksjon og koreografi: Beatrice Allegranti, University of Roehampton. Originalmusikk og lyd: Jill Halstead, Griegakademiet, UiB. Filmen hadde norsk premiere under eit arrangement som del av GAMUT sitt samarbeid med Festspillene i Bergen i 2015.

Annan formidling

GAMUT sitt utviklings- og formidlingsarbeid omfattar også kunstnariske innslag og ulike former for medieoppslag, sjå Vedlegg 4 og 5.

Forskingsrettleiing og gjesteforskaropphald

Fagtilsette ved UiB-delen av GAMUT gjev rettleiing til masterstudentar i musikkterapi, 5 kandidatar i 2015. 2 PhD-kandidatar var knytt til GAMUT i 2015, med hovudrettleiar frå UiB (Brynjulf Stige). Griegakademiet lyste ut og tilsette ein kandidat i eit nytt prosjekt i 2015, der hovudrettleiar er frå UiB (Randi Rolvsjord). Dette prosjektet startar i 2016.

Forskarar frå Uni-delen av GAMUT var i 2015 involverte i rettleiing av 1 masteroppgåve i musikkterapi ved UiB, og vil verte involverte i PhD-rettleiing etter kvart som kandidatar med relevante prosjekt vert tatt opp. Christian Gold (hovudstilling Uni) er også adjungert professor ved Aalborg Universitet og rettleier kandidatar ved det internasjonale PhD-programmet der.

